



Fylkesmannen i Rogaland  
Torunn Salte  
Postboks 59 Sentrum  
4001 STAVANGER

Deres ref.: 2018/8440

Vår ref.: 18/896

Vår dato: 21.09.2018

Saksbehandler: Mari Pleyrn // Forebygging- og  
deltakelseskontoret

## Spørsmål om lovtolking - sosialtenestelova - sjølvstendig næringsdrivande

Det visast til brev datert 05.09.18 om sjølvstendig næringsdrivande og retten til økonomisk stønad.

De viser til tilfelle der ein person driv eige firma (ansvarleg selskap/ einmannsverksemd eller aksjeselskap kor han er eineaksjonær), men søkjer økonomisk stønad til livsopphald fordi firmaet ikkje har vore lønsamt i den seinare tida. De spør om NAV kan krevje at søkjar nyttar pengane på firmaet sin konto til eige livsopphald. Søkjar seier han har pengar på firmaet sin konto, men uttaler at desse midla er sett av til betaling av skatt og meirverdiavgift.

De viser til rundskrivet pkt 4.18.2.16 som gjeld sjølvstendig næringsdrivande og oppdragstakarar. Sjølvstendig næringsdrivande pliktar å skaffe seg ordinært arbeid dersom verksemda dei driv, ikkje gir tilstrekkeleg inntekt.

Problemstillinga må også lesast i lys av rundskrivet pkt. 4.18.2.19 som omhandlar eigne middel. Slik Arbeids- og velferdsdirektoratet ser det, blir spørsmålet om midla er bundne opp til forpliktingane til firmaet eller er disponible for vedkommande. Dei rettslege utgangspunkta eller forpliktingane i andre lovar, til dømes skatteloven gjeld, og ein kan ikkje krevje at ein søkjar skal komme i skattegjeld eller liknande ved å bli vist til å nytte middel frå firmaet/selskapet sin konto til dekning av livsopphald.

NAV pliktar å ta ei konkret vurdering av økonomiske situasjonen til søkjaren på søknadstidspunktet. Utfall av ein slik vurdering kan vere at NAV må innvilge stønad fram til søkjar kan kome seg i anna lønna arbeid.

**NAV // ARBEIDS- OG VELFERDS DIREKTORATET // ARBEIDS- OG TJENESTEAVDELINGEN**

Postadresse: Postboks 5 St. Olavs plass // 0130 Oslo

E-post: [arbeids.og.velferdsdirektoratet@nav.no](mailto:arbeids.og.velferdsdirektoratet@nav.no)

[www.nav.no](http://www.nav.no) //

Med helsing

Tormod Moland  
kontorleiar  
Forebygging- og deltakelseskontoret

Mari Pleym  
rådgjevar  
Forebygging- og deltakelseskontoret

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur*

**Kopi til**  
Fylkesmannen i Hordaland